

# ..et vi saman

litt om serien

## Heime hos oss, så...

Det er alltid spanande å kome inn i ein ny heim. Korleis er det her? Korleis ser det ut? Kva gjer dei på? Kva er tonen her og kva er dei opptekne av, dei som bur her?

Rytmar og vanar dannar seg i ein kvar heim, og desse er med å seie noko om kva som er viktig og prioritert: Kva er typisk i denne heimen.

Når NT skildrar det kristne fellesskapet – kyrkja, så er ordbruken ganske så familiær. Dei kristne dannar saman ein trusfamilie og kyrkja er som ein heim. Vi har Gud til far og er - i trua - kvarandre sine søsken. Og då må vi jo spørje: Kva er typisk i ein slik heim?

Denne serien vil løfte fram 6 gode vanar/praksisar for eit kristent fellesskap. For ein ting er heilt sikkert. Vi samlast ikkje i fellesskapet berre fordi vi har informasjonsbehov om åndelige ting. Nei, vi samlast for at trua på Jesus kan få form og uttrykk. Denne serien sit viktigaste siktemål er å etablere nokre viktige truspraksisar for oss som nytt fellesskap. Slik at vi alle kan seie: heime hos oss, så...

litt om tema:

## .. et vi saman

Måltidsfellesskapet. Det var det læresveinane, fulle av spørsmål, fekk av Jesus rett før han vart fanga og krossfest. Ikkje forklaringar, bibelutgreingar eller solid dogmatikk. Han gav dei eit måltid. Og i alle kulturar har det lagt noko nært og livgjevande i det å dele måltid saman. Det er uttrykk for fellesskap, og samhørse. Dei fleste familiar vil stort sett minst ha eit måltid felles i løpet av dagen. Der vert relasjonar fornya, nærleik stadfesta og akkurat som kroppen får næring av maten vi et saman, får fellesskapet rundt bordet næring av samværet. Nattverdsmåltidet er viktig for oss. Fordi Jesus sa det, og fordi trua styrkast gjennom denne truspraksisen, der vi får ta imot tilgjeving, liv og frelse.



## Bibel

### 1.Kor 11,19-26 Spørsmål til teksten:

1. Korleis viser Paulus til det som skjedde på skjærtorsdag her? Kva er det vi minnst og forkynner gjennom nattverden?
2. Korleis kan vi sjå frå vers 19-22 og 33-34 at nattverden skal ha ein utjamnande verknad i fellesskapet?



## Misjon

### Gjennom deg og vidare

Nattverden er eit måltid for dei som trur, men ut over det er det ingen hierarki og skilnader. Korleis kan menneske med ei spirande eller rusten tru ha glede av at du inviterer til dette måltidet?



## Fellesskap

### Den ærlege samtalen:

1. Kva kjenneteiknar eit godt måltidsfellesskap?
2. Kva kan opplevast som vanskeleg med nattverdsmåltidet, tenkjer du?
3. Korleis opplev du sjølv å gå til nattverd?



## Raushet

### Takksam deling

Måltida er sentrale i mange av evangeliefortellingane, og sigersfesten ved tidas ende blir skildra i Openberringa som eit bryllaupsmåltid. Korleis kan dine måltid vise folk rundt deg kva kristen tru går ut på?



## Bøn

### Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for det synlege teiknet på fellesskap med kvarandre og med Gud som nattverden er.
2. Be om at nattverden må få gi både hjelp til å hugse Jesu lidning og død, og kraft til å leve med han i kvardagen.
3. Be gjerne for kvarandre, og for dei tinga som stel livsmot og glede.